



*Ulla Skulehus Haramsøy*  
*Stipa 11. april 2009 Bygd i 1886*

---

## Styremøte Ulla Skulehus 21. februar 2016

Møte på Ullahammaren 28

Til stades: Knut Hallvard Ulla, Grethe Flem Ulla og Peder Ulla

### **Sak 3 2015/2016**

#### **Sanitæranlegg - orientering**

Vi har fått godkjenning på avløp til tett septiktank og innlegging av vatn, sjå vedlagte brev frå Haram Kommune 15. februar 2016. Vi har godteke tilbod frå Peder Rogne på septiktank på 3000 liter og toalett til ein samla kostnad på kr 20 313 inkl mva og frakt. Arbeid kjem i tillegg. Peder Rogne har fått melding om å bestille tank og toalett. Arbeidet kan truleg ikkje gjerast før etter påske. Vidare har vi planar om å setje inn kjøkeninnreiing. Dette må vi kome tilbake til.

### **Sak 4 2015/2016**

#### **Årsmøte og dugnad på skulehuset**

Vi har bestemt at årsmøtet blir i kombinasjon med dugnad helga 20.-22. mai 2016.

Tidspunkt for årsmøtet: Laurdag 21. mai 2016 kl 1300.

Knut Hallvard Ulla  
Skrivar

Peder Rogne

ArkivsakID-nr  
16/91-  
2

Saksbehandlar:  
Camilla Waagbø Nilsen

Dato  
15.02.2016

Vedtak gjort av: Byggesak landbruk og arealforvaltning  
Delegert saknr.: 034/16

## Gbn 10/77 - Septiktank - Ulla skulehus - Vedtak

### Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova §§ 20-3 og 21-4 gjev Haram kommune løyve til installering av tett septiktank på gnr. 10 bnr. 77.

Haram kommune gjev samstundes løyve for tilknytning til kommunalteknisk anlegg for vatn.

### Søknaden:

Søknaden gjeld intallering av tett septiktank ved Ulla skulehus på gnr 10 bnr 77. Ein skal også knyte seg til kommunal vassforsyning. Peder Rogne er ansvarleg søkjar og Ulla skulehus er tiltakshavar.

### Dokument i søknaden:

Søknad om løyve til tiltak  
Situasjonsplan  
Erklæring om ansvarsrettar

### Opplysningar i saka:

#### Arealdisponering:

Gjeldande plan: Reguleringsplan for Ulla del 1

Formål: Jordbruk/spesialområde med føremål bevaring

\*tiltaket er ein tett tank som skal gravast ned. Det skal ikkje gjerast endringar på sjølve bygningen. Ein vurderer difor at tiltaket ikkje kjem i konflikt med planføremålet eller bygningen sin status.

### Vurdering av innsendt dokumentasjon:

Dokumenta fyller krava som stilles i Byggesaksforskrifta kap. 5.

**Erklæring om ansvarsrett:**

Det er erklært ansvarsrett for montering av septiktank.

**Nabovarsel:**

Tiltaket er unnateke nabovarsling. Tiltakshavar må sjølv gjere avtale med grunneigar ved behov for graving over naboeigedom.

**Saksbehandlingsgebyr:**

Basisgebyr:	1e. septiktank	Kr 1344,-
-------------	----------------	-----------

SUM:		Kr 1344,-
------	--	-----------

---

Tiltakshavar: Ulla skulehus, nr 404, Bjønnan 64, 6410 Molde

**Tilknytingsgebyr:**

For tilkopling til kommunale vass- og avløpsleidningar skal det betalast gebyr i samsvar med "Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter" med tilhøyrande forskrifter.

**Klagerett:**

Vedtaket er enkeltvedtak etter forvaltningslova, og den som er part, eller har rettslig klageinteresse i saka, har klagerett etter §§ 28 og 29 i same lov. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er komme til vedkommande part. Klageinstansen er **Fylkesmannen i Møre og Romsdal**.

Ei eventuell klage skal være skriftleg, og sendast til **Haram kommune**, som kan ta klaga til følgje, som gjev ny klagefrist for alle parter, eller halde fast vedtaket, og sende saka til fylkesmannen for endelig avgjerd. Ei klage kan føre til at vedtaket vert omgjort. Kommunen er ikkje ansvarleg for tap som tiltakshavar ev. måtte lide ved ei slik omgjering.

Med helsing

Camilla Waagbø Nilsen  
Ingeniør  
Interntlf. 70 20 76 42

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

**Vidare saksgang:***Ferdigmelding*

Når tiltaket er ferdig skal ansvarleg søkjar skriftleg søke om ferdigattest eller mellombels bruksløyve.